

ISFLAKET

Polarmagasin frå Ishavsmuseet. Nr. 4– 2021 23. årgang kr. 80,-



Leiar:

Nok eit år går mot slutten, og då er det ofte naturleg å tenke tilbake på året som har gått. Vi trudde vel dei fleste av oss at vi skulle tidleg tilbake til normalen, etter eit år med pandemi. Men ikkje før til hausten vart landet opna igjen. Nok ein turistsesong gjekk over utan det store besøket frå organisert gruppeturisme. Slikt merkast.

Eg var sjølv innom mange museum i sommar, og det var god plass på alle saman. På eit av Noregs største museum er eg van med å mykje godt gå i kø ved kvart besøk, gjerne med både fire, fem og sju bussar på utsida. I år såg eg ingen buss og eg talde rundt 30 personar inne på dei fire timane eg var der. Slikt er tungt også for dei største.

Men det er også positive sider i slike pandemiar, ja, eg veit det høyrest rart ut å seie det slik, men nordmenn har igjen lært å gå på museum, og det er positivt. For enkeltbesøkande norske turistar har det vore bra besøk hjå Ishavsmuseet i år. Eg har til og med høyrte born spørje far om kva neste museum er, det var så kjekt å sjå alle dei rare tinga. I skrivande stund har landet vore ope ei tid, men i dag var det ny smitterekord med over 2000 smitta i Noreg. Kan vi snart sjå enden i galskapen? Det vil vere mange spanande reisemål som vil slite tungt med nok ein sesong utan organiserte gruppereiser.

Gode leesar, du har no motteke Isflaket nr. 4-2021. Med det er årgang nr. 23 kome til endes. Takk for at du les bladet vårt og er støttemedlem i Ishavsmuseets Veneforeining. Og vi set stor pris på at det stadig vert fleire medlemar landet rundt. Har du ein kjenning du trur har interesse av Isflaket er det berre å sette han i kontakt med oss.

I denne utgåva av Isflaket har Magnus Sefland skrive om ei kjend ishavsslekt på Brandal, Runne-slekta, som hadde mykje ishavfolk.

Ein annan trufast skribent i Isflaket er Bjarne Harald Brobakk, Balsfjording med bustadadresse i Trondheim. Til denne utgåva har han gjeve oss ein fyldig artikkel om

ishavskjempa Åsmund Nordgård som gjekk bort tidlegare i år. Etter nokre månadar på skuleskipet «Gann» mønstra han på «Norsel» for tur til Antarktis. Seinare oppheldt han seg i islagde farvatn storparten av ei 50 år lang karriere på sjøen, frå dekksgut til reiar.

Wenche Hovlid Sortvik frå Stadt har gode minner om «skinnhua til far» som ho deler med oss i denne utgåva, og Reidar Urke deler mange gode minner frå ishavsturar frå 1940- 50 og 60-talet. Spesielt hugsar han godt brannen og forliset til «Polarbjørn» i 1949, og korleis dei kjempa med mykje tung skrus i 1961 ved Newfoundland, der dei vart liggande faste i snart to månadar. Reidar var med å berga ein gjenstand frå «Veslekari» som forliste dette året. Korleis dette gjekk til kan du lese meir om på side 29.

I spalta «Frå arkivet» har vi med ein artikkel skriven av havforskar Birger Rasmussen frå den første selfangstturen til Newfoundland i 1938. Rasmussen var då med «Polaris». Artikkelen er illustrert med hans eigne foto. Heile hans rike foto og film-samling er i dag i samlingane til Ishavsmuseet.

Linn Bruholt skriv om Svalbards rike miljøminner, og eit prosjekt rundt dette der ho vil ha hjelp frå lesarane av Isflaket.

Ruben J. Brandal deler også nokre minner frå «Polarbjørn» og «Signalhorn».

Og, sidan det går mot jul, har vi med ein artikkel frå John Giæver om julefeiring i fangsthytta på Nordaust-Grønland.

God lesnad!

Med ønske om ei god jul og eit godt nytt år.

Brandal 10. november 2021

Webjørn Landmark
Redaktør

Skageflå

Ein av dei meir kjende skipperane hadde vore meir enn uheldig og gjort dundrande bomtur på sildefiske.



Det kan sjølvsagt hende den beste på eit lunefullt hav. Reiaren var ein ung pappagut som nett hadde overteke reiarlaget og lite forstod seg på sjøen og dei problem som kunne oppstå. Han visste nok ikkje kor stort havet var, og kor mykje som kunne støyte til, han trudde vel det var mest som å gå i butikken og hente det han ville ha. Sur og gretten kom han ned på kaia og ropte opp til skipperen på brua: «Kvar er det du har fiska, min gode Brandal, er det inne på Skageflå?» Ironien var beisk. Skageflå var ein nedlagd øydegard høgt oppe i fjellsida djupt inne i Geirangerfjorden.

Skipperen beit fornærminga i seg, og lest som han ikkje høyrd.

Neste tur var han svinheldige og gjorde rekordfangst. Reiaren var sjølvsagd blid som sola der han kom springande ned på kaia. «Nei, det var då svært, Brandal!» ropa han opp til skipperen, «kvar i all verda har du funne all den fisken?».

«Å, du veit det va' vel der inne på Skageflå!» kveste han i så den andre tapte både munn og mæle.

Stor fjøre

Skipper Hau-Johan var skipper på Aarvak på sildefiske. Ein dag kunne ein høyre Johan jamre seg i radioen over at nota deira på Aarvak var for grunn, han nådde ikkje ned på silda, når ho sto djupt.

«Einaste vona mi no,» sukka han, «e' ei overhendige stor fjøre!»

Innhold

Runne-familien frå Brandal	side 4
Frå dekksgutt til redar	side 10
Skinnhua til far	side 27
Reidar Urke blar i minneboka	side 29
Svalbards rike miljøminner	side 39
Med hakapik på selfangst	side 41
"Polarbjørn" og "Signalhorn"	side 54
Jul i fangsthytta	side 55
Presten til rors	side 58

ISFLAKET

Polarmagasin utgitt av Ishavsmuseet og Ishavsmuseets Venner.

Adresse: Ishavsmuseet, Brandalsvegen 28, 6062 Brandal

Tlf. 95 11 76 44

Redaksjon: Webjørn Landmark, redaktør
webjorn@ishavsmuseet.no

Opplag 800. Årskontingent / abonnement kr. 300,- fritt tilsendt. Bedrifter kr. 750,-

www.ishavsmuseet.no

www.facebook.no/aarvak

Forsidefoto: «Norvarg» på Newfoundland 1981. Foto Karl Ragnar Engstad

ISSN 1891-9480

Runne-familien frå Brandal: Nokre hendingar i krig og fred.

Av Magnus Sefland

Uformelle nemningar i Brandal:

I ishavsbygda Brandal har mange av innbyggjarane nettopp Brandal som slektsnamn. I tillegg har der gjennom åra vore gjenbruk av førenamn: Sigvald, Severin, Johan, Bernt osv. For å skilje personar med like namn frå kvarandre, har det vore vanleg å referere til gardsbruket som vedkomande ætta frå: Haugen, Saudebøen, Runnane osv.

Det følgjande gjeld nokre personar frå Runne-slektta. Runne-Johan = Johan P. Brandal. Runne-Bernt = Bernt Arnvid Brandal.

Slekta: I Runne-slektta var det mange ishavfolk. Johan P. Brandal (1888-1943), var ishavsskipper, på blant andre *Minna* (b. 1894), *Jopeter* (b. 1911), *Polaris* (b. 1914) og *Veslekari* (b. 1918). Eldste son Peder (Pea) (1915-1971) var skipper på nemnde *Veslekari* på 1950-talet. Bernt Arnvid (1919-2013) vart skipper på fleire skuter. Dei to yngste brørne, Arnljot (1926-2008) og Angell (1928-2007), vart også ishavsskipperar.

Mora deira, Karen, var syster til ishavsskipper Kristoffer Marø. Kristoffer og kona Kristine fekk blant andre fire søner som alle vart ishavsskipperar.

I 1939 var to av sønene til Karen og Johan P. Brandal på fangst ved Newfoundland: Eldstemann Peder Brandal som fangstmann på *Polarbjørn* (1919) og Bernt Arnvid Brandal som fangstmann på *Polaris* (1914). På overseglinga til fangstfeltet møtte dei norske skutene orkan i Atlanterhavet. Peder kom til å spele ei avgjerande rolle då mannskapet frå MS *Saltdalingen* av Gratangen vart berga under svært dramatiske omstende.

Ein av sønene til Karen og Johan Brandal staka ut ein annan kurs enn dei fire brørne, som alle



Johan Peder Elias Peterson Brandal (17.8.1888-13.2.1943) frå Runne i Brandal og Karen Jakobine Andrea Berntsdotter Marø (23.11.1893-7.5.1976)

vart ishavsskipperar. Jens Karsten Brandal (1921-1941) starta i bakarlære.

Panserskipa og Konrad Sundlo:

På vårparten 1940, nærmare bestemt i april, var Bernt Arnvid Brandal i militærteneste på eitt av dei to panserskipa *Eidsvold* eller *Norge*. (Med etterhald om sviktande minne meinar eg at Bernt Arnvid var på *Norge*). For si tid var begge panserskipa nærmast som museumsfartøy å rekne. Dei var begge bygde rundt 1900 - og i 1940 heilt umoderne.

Tidleg i april 1940 låg begge panserskipa på hamna i Narvik. Akkurat der og då kom oberst Konrad Sundlo til å spele ei avgjerande rolle. Derfor nokre opplysningar om Sundlo, henta frå Wikipedia:

Konrad Sundlo (1881-1965) var offiser med grad av oberst og frå 1933 sjef for Hålogaland

Infanteriregiment nr 15, med hovudkvarter i Narvik. (---) På same tid var Sundlo framståande medlem i Nasjonal Samling. Då Vidkun Quisling besøkte Adolf Hitler i Berlin hausten 1939, skal han ha vist fram eit brev frå partifellen Sundlo og forsikra at ein tysk operasjon i Narvik ville bli løyst med fredelege midlar. (Sundlo nekta seinare for at han hadde skrive eit slikt brev). (---) I rettsoppgjeret etter krigen vart Sundlo frådømd stillinga som oberst og vart dømd til livsvarig straffearbeid. Han vart benåda og sett fri i 1952.

Narvik 9. april 1940:

Ved angrepet på Norge kom ein tysk flåtestyrke inn på Narvik hamn, og det utvikla seg til ei slag. Dei to panserskipa vart sende til botnar, utan at særleg mange frå skipa fekk høve til å berge seg. Til saman omkom nærare 300 mann frå dei to panserskipa.

Oberst Sundlo viste motvilje mot å ta opp kamp mot den overlegne tyske angrepssyrken i Narvik. Han overgav byen utan kamp fordi han fann det nyttelaust å yte motstand. Av sine overordna vart han umiddelbart fråtatt kommando og stempla som svikar.



Bernt Arnvid Brandal (1919-2013) Foto Jønsson.

På ein eller annan måte må oberst Sundlo i forkant ha hatt kommandoansvar også over dei tenestegjerande – eller i alle fall ein del av dei –

på panserskipa. Bernt Arnvid har sjølv fortalt at han og ein del andre vart sende på permisjon like før 9. april 1940. Slik berga han livet. Han spissformulerte det sjølv seinare ved å seie at han kunne takke landssvikaren oberst Konrad Sundlo for at han overlevde krigen.

Vestisen april 1940:

Då Norge vart angripe av tyske styrkar i april 1940, var Johan P. Brandal på selfangst i Vestisen som skipper på *Veslekari*. Blant selfangarane var misnøyet over den tyske framferda stor. På fangstfeltet var også den tyske ishavsskuta *Sachsen*, med delvis nordnorsk mannskap. Skipperane på dei norske skutene var redde for at *Sachsen* skulle informere tyske stridskrefter om posisjonane til dei norske skutene og slik setje dei i ekstra fare.

Dei norske skutene i Vestisen møttest til rådslaging. Skipperane møttest om bord i *Veslekari*. (Litt usikkert om datoен for møtet var 10. eller 11. april). Det var stemning for at *Veslekari*, som den største og sterkeste av skutene, skulle søkke *Sachsen* ved påkøyring i størst mogleg fart og med full kraft. På det tidspunkt visste skipper Johan P. Brandal at sonen Bernt Arnvid var i militærteneste på eitt av panserskipa som var senka på Narvik hamn. Men det er meir usikkert om han visste at Bernt Arnvid var ute på permisjon akkurat 9. april.

Før det kom til aksjon, greidde *Sachsen* å stikke seg unna, mest truleg til Murmansk. På den tid var Tyskland og Sovjetunionen allierte gjennom Molotov-Ribbentrop-avtalen. *Sachsen* kunne truleg vente seg vern på sovjetisk område.

Aust-Grønland 1940:

Sidan 1929 hadde Norges Svalbard- og Ishavundersøkelser og samarbeidspartnaren Arktisk Næringsdrift AS sendt årlege forsynings- og avløysingsekspedisjonar til dei norske fangst- og radiostasjonane på Aust-Grønland.

Trass i at det var krig og Norge var okkupert, vart det i 1940 sende to ishavsfartøy med forsyningar og avløysarar til Aust-Grønland: *Veslekari*, med skipper Johan P. Brandal og ekspedisjonsleiar John Giæver, til Myggbukta



Ringsel.

og dei andre stasjonane på Nordaust-Grønland – og MS *Ringsel* av Tromsø, med skipper og reiar Karl Nicolaisen og ekspedisjonsleiar Rolf von Krogh, til Torgilsbu langt sør på Aust-Grønland.

Begge skutene skulle gå om Longyearbyen og laste inn kol før dei sette kurs mot Grønland. *Veslekari* gjekk frå Ålesund til Tromsø, der *Ringsel* låg og gjorde klart. Skipper Brandal hadde med to av sønene sine i mannskapet på *Veslekari*: Jens Karsten – bakarlærlingen – som messegut – og Bernt Arnvid, mest truleg som dekksmann. Dei to yngste sønene, Arnljot og Angell, var ikkje gamle nok til å bli med på turen.

***Veslekari* i Tromsø:**

I Tromsø låg *Ringsel* og gjorde klart for ekspedisjonstur til Torgilsbu. *Veslekari* gjorde stopp. Fleire formalitetar måtte ordnast og forsyningar skulle lastast om bord. Fleire i mannskapet rakk ein tur på byen. Der skal Bernt Arnvid ha kome i klammeri med nokre tyskarar. Lett forståleg: Det var tyskarar som under litt

andre omstende kunne ha tatt livet hans i Narvik nokre månader tidlegare.

Med nye makthavarar i landet vart Bernt Arnvid pågripen for offentleg uorden – inntil gemytta hadde roa seg. Dette gjorde at *Veslekari* måtte gå – i første omgang mot Svalbard – utan at Bernt Arnvid var med. Til gjengjeld måtte *Veslekari* ta med den tysklojale pressemannen Axel Coll som observatør for å få lov til å forlate landet.

Ludolf Schjelderup bidrog til å løyse saka. Han nytta sin autoritet som ishavsskipper til å få Bernt Arnvid sett fri igjen.

***Veslekari* på Nordaust-Grønland:**

Veslekari besøkte Longyearbyen og tok med kol – både som drivstoff og som forsyning til dei norske stasjonane på Nordaust-Grønland. Oversegingane gjekk utan særleg dramatikk. Medan skuta var på den planlagde rundturen til stasjonane på Nordaust-Grønland, kom KNM *Fridtjof Nansen* frå den norske marinens si avdeling på Island og sette på land ei gruppe britiske marinesoldatar i Myggbukta.

Under vefs i fjordane på Nordaust-Grønland vart *Veslekari* stoppa av KNM *Fridtjof Nansen* og tatt i arrest. Skuta fekk prisemannskap om bord og vart tatt med til Island. Derifrå vart skuta beordra vidare til Skottland. Mannskapet, eller i alle fall befalet, vart sende vidare til fengsling og avhøyr i London. Der sat dei medan byen vart bomba på det heftigaste frå tyske fly.


Etter kvart vart *Veslekari*-folka sette fri og skuta send tilbake frå Skottland til Island. Derifrå gjorde skuta i 1941 to strabasiøse turar til Jan Mayen med utstyr og forsyningar. Elles var skuta stasjonert i Reykjavik som servicefartøy for alliert militær skipstrafikk, ikkje minst for konvoiane til Murmansk. Frå 1943 tok britane over skuta og tenkte henne brukt til operasjonar i Antarktis. Men dei kom til at skuta etter år med lite vedlikehald var i for dårlig stand til slik teneste. Derfor vart ho så langt ein veit liggande i opplag i Skottland resten av krigstida.

Tre lagnader:

Johan P. Brandal: I 1943 vart Johan P. Brandal sjuk og innlagd på sjukehus i Reykjavik. Der døydde han og vart gravlagd på ein gravstad i Reykjavik-området.

Frå Våre Falne:

'Brandal, Johan Peder Elias, skipsfører, Hareid. Født 17. august 1888 i Hareid, s. av Petter P. Brandal, f. 1847 i Hareid, d. 1927 s. st., og Andrine f. Ulstein, f. 1843 i Ulstein, d. 1910 i Molde. Gift 1914 i Ålesund med Karen Marø, f. 1893 i Hareid. 5 barn. Skippereksamen. Førte 1940 d/s Veslekari til Grønland med forsyninger. Ble brakt til England og førte senere «Veslekari» til Jan Mayen, der det ble satt opp en ny radiostasjon. Var enda en tur til Jan Mayen som islos på et marinefartøy. Var så ansatt i et engelsk bergingskompani som fører på d/s Veslekari. Ble syk ombord, lagt inn på hospital i Reykjavik og døde 13. februar 1943. Omtalt i Sunnmørsposten i august 1945. Sønnen Jens omkom i 1941'.



Johan Peder Elias Brandal sin gravstein på Island. Foto frå Rudolf Mur Brandal, Ishavsmuseets arkiv.

Olaf Lillenes (1912-1952): Han var son til ishavsskipper Paul Lillenes frå Tjørvåg. Paul

Lillenes var skipper på *Veslekari* nokre år rundt 1930. Under andre verdskrig var det sonen Olaf Lillenes sin tur. På turen til Nordaust-Grønland i 1940 var Olaf styrmann. Han rykte opp til skipper då Johan P. Brandal vart sjuk. Olaf hadde skuta ei kortare tid, til britane overtok henne.

Etter krigen skaffa Olaf Lillenes seg eiga skute: *Pels*. I orkanen i Vestisen i 1952 forsvann fem skuter sporlaust med heile mannskapa. Ei av dei sakna skutene var nettopp *Pels*, med Olaf Lillenes som skipper.

Jens Karsten Brandal: Han var son til Karen og Johan P. Brandal. Han hadde, som nemnt, fire brør som alle etter kvart vart ishavsskipperar. Jens Karsten valde ein annan yrkesveg: Han begynte i bakarlære. På *Veslekari*-turen i 1940 var han med som messegut.

Etter at *Veslekari* vart oppbrakt og disponert til krigsinsats på ulike måtar, kom Jens Karsten om bord i DS *Borgund*, også der som messegut. *Borgund* tilhørde Statens Kjøleanlegg og Fryseri i Ålesund. I 1941 gjekk fartøyet i fraktfart med fisk mellom Reykjavik og Skottland.

Borgund forlet Reykjavik 25.03.1941 med ei last fisk til Scrabster i Skottland. På turen forsvann fartøyet sporlaust. Alle om bord måtte etter kort tid reknast som omkomne. Forlisdato vart sett til 28.03.1941. I farvatnet var det roleg ver i den aktuelle tida og ingen ubåt skal ha hatt *Borgund* på sin konto. Mest truleg vart *Borgund* bomba ned av tyske fly. 13 mann omkom: Ti norske, to islandske og ein av ukjend nasjonalitet. Blant dei norske omkomne var Jens Karsten Brandal.

Frå Våre Falne:

'Brandal, Jens Karsten, messegutt, Hareid. Født 28. juli 1921 i Hareid, s. av Johan P. Brandal, f. 1888 i Hareid, d. 1943 i Reykjavik, og Karen f. Marø, f. 1893 i Hareid. Reiste 1940 sammen med sin far på d/s Veslekari med forsyninger til Grønland, kom deretter til England hvor han mønstret på d/s Borgund som gikk fra Reykjavik 25. mars 1941 og forsvant sporløst på vei til Skottland'.

Då Olea og Arnljot Brandal fekk sin første son, fekk han namnet Jens Karsten – etter onkelen som han aldri møtte, fordi onkelen kom vekk på havet under krigen.

Bernt Arnvid Brandal etter krigen:

Bernt Arnvid sitt vita under krigen og første tida etter krigen kjenner vi ikkje. Men han må ha skaffa seg navigasjonsutdanning nokså fort etter krigen. Så langt vi veit var han med som navigatør på MS *Minna* av Brandal i fraktfart under gjenreisinga i Finnmark. (*Minna* vart bygd i Amerika under andre verdskrig og innkjøpt som erstatning for *Arktos*, som gjekk tapt under krigen).

I 1949 var Bernt Arnvid førsteskyttar hos Martinus (Tin) Brandal på MS *Brandal* på fangst i Vestisen. På heimtur frå Vestisen, saman med *Flemsøy*, skipper Peter P. Brandal, kom dei to vestisskutene til og tok opp 66 personar frå *Herøyfjord* eit stykke utanfor sunnmørskysten. *Herøyfjord*, skipper Guttorm Jakobsen, kom frå fangst ved Newfoundland. Skuta hadde i tillegg til eige mannskap også med mannskapet frå *Polarbjørn* (1919), som hadde totalforlist etter brann på fangstfeltet. I Atlanterhavet hadde lasten på *Herøyfjord* forskove seg, slik at skuta fekk farleg slagside og gjekk til slutt ned. Som førsteskyttar/styrmann på MS *Brandal* fekk Bernt Arnvid ei sentral rolle i ein dramatisk bergingsaksjon.

I 1952 var Bernt Arnvid skipper på *Eskimo* i Vestisen og kom vel frå orkanen. I åra 1956 og -57 var han skipper på *Polarbjørn* (1950). Han rakk å gjere ein ekspedisjonstur til Antarktis, saman med *Polarsirkel* (1942) av Tromsø, og ein fangstsесong på newfoundlandsfeltet før skuta kom i isskruing og gjekk ned under ekspedisjonstur til Nordaust-Grønland.

Kitak:

MS *Kitak* var identisk med tyske *Sachsen* som var i Vestisen i 1940 og som Johan P. Brandal skulle køyre i senk med *Veslekari*. Som nemnt, greidde *Sachsen* truleg å søkje tilflukt i sovjetisk farvatn.



Kitak. Foto frå Vebjørn Fiksdal


Seinare under krigen var *Sachsen* i teneste som tysk vervarslingsfartøy under namnet *Hessen*. *Sachsen/Hessen* (den seinare *Kitak*), bygd i 1938, var ei heller lita treskute. Under krigen hadde tyskarane også eit anna fartøy med namnet *Sachsen* i vervarslingteneste. Det fartøyet var truleg ein trålar av stål - og ein del større enn *Sachsen/Hessen* (*Kitak*). Stålåten vart under krigen send til Nordaust-Grønland og sneik seg inn til Sabineøya. Der låg den i skjul eit halvt år og gjorde verobervasjoner, før den vart oppdaga av allierte stridskrefter. Fartøyet vart då straks søker av eige mannskap, før mannskapet vart henta av ein tysk flybåt.

Etter krigen kom *Sachsen/Hessen* (*Kitak*) i norsk eige som *Arild* av Tromsø. Under orkanen i Vestisen i 1952 berga *Arild* seg inn til Bildudal på Island med mykje skade – etter å ha mist ein mann over bord. Den omkomne var Oluf Kaspersen. Med dei fem sakna skutene omkom 78 mann. Kaspersen var den 79. som omkom i ulykka.

Seinare fekk fartøyet namnet *Foynøy* og deretter *Munkøy*, med det siste namnet heimehøyrande i Molde.

Rundt 1960 vart skuta overtatt av Per H. Brandal og Bernt Arnvid Brandal i Brandal og gitt namnet *Kitak* etter eit fjell i Ammassalik-området. Med Bernt Arnvid som både skipper og medeigar. Under fangst i Vestisen i 1965 fekk skuta ein lekkasje. På heimtur heldt *Kitak* følgje med *Eskimo*. Etter kvart let ikkje lekkasjen seg kontrollere. *Kitak* gjekk ned. Folka vart tatt opp av *Eskimo* utan særleg dramatikk.

Kitak var skuta som i april 1940 var i Vestisen under namnet *Sachsen* og som fleire ønskte at Johan P. Brandal skulle søkke ved påkøyring med *Veslekari*. Akkurat det klaffa ikkje i 1940. Eit kvart århundre seinare var det Bernt Arnvid Brandal - son til Johan P. Brandal – som måtte sjå skuta gå til botnar.



Eskimo i Stretet 1956. Foto Bjørn Berland, Ishavsmuseets arkiv.

REFERANSAR:

Informantar: Arnljot Brandal; Bernt Arnvid Brandal; Henrik Landmark; Ole-Christen Røren; Tore W. Topp; Helge Ødegård.

Litteratur:

Ellefson, E. S. og O. Berset. 1957. *Veslekari. En fortelling om is og menn*. Bergen: J. W. Eides Forlag.

Engebrigtsen, H. H. 1991: *Seierens bitre frukter. En soldats beretning 1940-1945*. Oslo: H. Aschehoug.

Knutsen, W. 1992: *Mitt Arktis*. Oslo: Grøndahl og Dreyers Forlag AS.

Mikkelsen, P. S. 2001: *Nordøstgrønland 1908-60. Fangstmandsperioden*. Peter Schmidt Mikkelsen & Aschehoug.

Nordanger, T. 1980: *Dramaet i Nord-Atlanteren*. Bergen: Nordanger Forlag.

Nystrøm, K. og P. Øynes. 1968: *Alarm i Vestisen*. Oslo. H. Aschehoug & Co.

Ording, A. (hovudredaktør). 1948: *Våre Falne. I-IV Bok*. Oslo: Den norske stat.

Ottesen, J. 2007: *Skuter på selfangst*. Ulsteinvik: Fotoarkivet.

Vollan, O. 1951: *Ishavsfart. Selfangsten fra Sunnmøre gjennom femti år*. Oslo: Alb. Cammermeyers Forlag.

Nettet:

Fjernsynsinnslag frå NRK på youtube: Lars Petter Brandal.

Bjåstad, S. *Personboka 2000 for Hareid og Ulstein*. Nettutgåve oppdatert til 2016.

Norsk Biografisk Leksikon (Nettutgåve).

Sjøhistorie.no.

Wikipedia.

Fra dekksgutt til reder

Historien om Åsmund Nordgård

Av Bjarne Harald Brobak

Heimplassen til Åsmund var Berg på Innlandet i gamle Tromsøysund kommune.

Åsmund ble født på gården Nordgård 13. april 1935 som den yngste av 4 brødre. Brødrene het Arne, Kåre og Asbjørn. Hans far var Alfred, som var 4. generasjon på gården. Hans mor, Petra, kom fra Frihetsli, innerste gården i Dividalen i gamle Øverbygd kommune. Hun var søster til selveste Konrad Stenvold, kongen av indre Troms villmark. Åsmund har fortalt at det var godt det kom nytt blod i den gamle slekta da hans mor kom utenfra. Petra likte ikke havet, hun var jo fra en trang dal, og etter at mannen hennes ble borte i havet likte hun ikke å se utover den fjorden hun bodde ved.

Gården Nordgård har vært drevet som et middels gårdsbruk med lofot- og finnmarks fiske som tilleggsnæring. Noen av forfedrene hadde prøvd seg på storhavet, men ingen av dem fikk noen videre lang karriere. Åsmund sin slekt hadde ikke hatt havet som næringsvei. Alfred var den første som satset bare på jordbruk. Han var landbruksutdannet fra landbruksskolen på Gibostad, han var i det første kullet som ble uteksaminert derfra.

Den viktigste «attåtnæring» som Alfred bedrev, var politikk. Han var ordfører i gamle Tromsøysund kommune i flere perioder frem til krigen, og fortsatte etter krigen til han omkom i en flyulykke ved Hommelvik nord for Trondheim i 1948.

Åsmund fikk en trygg og god oppvekst. Han husker godt den uro som spredte seg da krigen brøt ut, og den usikkerhet som da oppsto. Han begynte på skolen under krigen hos lærer Hans Utnes. Etter krigen, da skipstrafikken kom i gang igjen, ble hans hovedinteresse for alvor båter, spesielt de lysegrå skutene med rigg og hvit tynne som kom inn lasta vestfra gjennom Rystraumen. Så var da også rigg og tynne logoen i gamle Tromsøysunds kommunevåpen.



Åsmund Nordgård 1935-2021. Foto privat

Han drømte nok selv om å herske fra tynna og komme inn med lasta skute.

Da skolen var avsluttet våren 1950 såkte Åsmund seg på skoleskipet «Gann», som hører hjemme i Stavanger og ble drevet av et kristent foretak, Rogaland sjøaspirantskole. Det var andakt ombord hver morgen. «Gann» hadde årlig tokt nordover for å lære opp aspiranter til sjømannsyrkets vanlige arbeidsoppgaver og plikter. Stasjonering for opplæringa var Stokmarknes. Det var også korte seilaser i Nordland og Troms. Hele kullet fullførte opplæringa på 2 måneder, men det er vel et spørsmål om alle fikk en så lang karriere på havet som Åsmund fikk.

Etter skoleskipsoplæringa var han klar for å ta hyre på skip. «Norsel», som var bygget i 1942 som taubåt og isbryter, var innkjøpt til Tromsø året før. Jakobsens folk var kjent for å være gode sjøfolk. De hadde gjort en tur til Antarktis og skuta hadde vist seg å være velegnet som ekspedisjons-fartøy. Skuta var chartret for Norsk Polarinstitutt med ny tur for Antarktis. Det var også svensk og britisk interesse og kapital i charten. Mor Petra var på kontoret til brødrene Jakobsen og fikk ordnet hyre for yngstemann som dekksgutt med hyre på 178 kr måneden. Det var nok tungt for mor å slippe



Guttorm Jakobsen, her i Vesterisen 1953. Foto Birger Rasmussen, Ishavsmuseets arkiv.

gutten så langt hjemmefra, men med tro på god ivaretakelse på en så lang seilas, forsonet hun seg med god tur. Det ble tomt i hjemmet på Nordgård.

Guttorm Jakobsen var en erfaren skipper, så på de premisser fikk Åsmund reise. De gjorde klart i Tromsø for seilas til Oslo, selfangstutstyret var ombord, kontrollert og i orden. «Norsel» forlot Tromsø havn for en lang periode, de signaliserte farvel med 3 lange støt i fløyta og Åsmunds mor sto ute på gårdstunet på Nordgård da «Norsel» gikk sørover gjennom Rystraumen. Guttorm var uteseiler og gikk skipsleia til Vestfjorden og så kurset han utaskjærs sørover. Det var oktober og de fikk en sydvest storm sørover kysten. Terje Johnsen fra Tromsø var styrmann. Vaktsystemet var 6 timer på og 6 timer av. Dagmennene vasket og gjorde klart ganger og lugarer til passasjerene som skulle komme ombord i Oslo. Åsmund arbeidet med sine personlige førstereisegjøremål. Utvendig ble skuta godt vasket av sjøsprøyten. I Nordsjøen fikk de også uvær, og da de passerte Lindesnes var det veldig mye slingring da sjøen kom rett inn på styrbord. Det

var en uheldig start for en førstereisgutt, og han planla å rømme når de kom til Oslo.

De ankom Oslo havn en fredag kveld og hans bror Kåre, som studerte på landbrukskolen på Ås, kom ombord på besøk over helgen. Åsmund klaget sin nød om sjøverken og framla sine planer om rømning, men fikk til svar at hadde han mast seg til å reise, måtte han finne seg i litt sjøverk. Kåre fikk da avverget Åsmunds rømningsplaner. De lå hele uka i Oslo og tok ombord det utstyret som skulle til for mannskapet som skulle overvintre på Maudheim i Antarktis. Det var den første overvintrings-ekspedisjonen etter krigen. Polarforsker John Giæver var ekspedisjons-sjef. Han var en sentral person i utvikling av norsk polarforskning. Han hadde også ledet ekspedisjoner og overvintret på Spitsbergen og Grønland.

De tok ombord mye utstyr som aggregater, drivstoff, radiotelefoni, medisinkiste og forskningsutstyr. Da de var utklarert i Oslo seilte de til Göteborg og fikk her ombord småfly med ski som kunne skiftes over til vannflottører. Det kom svenske flygere og en mekaniker. Da alt var klart i Göteborg begynte seilasen sørover mot Cape Town. Matrosene skrønte at dekksgutten skulle gå dagmann og vaske klarne og lugarene til vaktgående.


Guttorm tok Åsmund med seg på 6-12 vakta og ga han en god innføring i vaktjenesten som var styring, utkikk og rapportering til navigatøren på broen. Guttorm så Åsmund som en fremtidig sjømann. Det var mye skipstrafikk å se, blant annet tankbåter på opptil 200 meter og opp mot 30.000 dw tonn, noe annet enn de båtene som passerte Tromsøysundet. Opplevelsene var mange for en førstereisgutt. Guttorm var også telegrafist, og fordi radiotelefonien var nært framme mot rorhuset, fikk Åsmund høre mange forretnings-samtaler. Da de hadde passert Brest og begynte på Biscaya fikk de igjen uvær, men da var Åsmund herdet, og han fikk se svenskene bli skikkelig sjøsyke.

Da de passerte vest for Gibraltar, var det mye skipstrafikk ut fra Middelhavet og mye fra Atlanteren og østover. Seilasen fortsatte sørover på vestsiden av Afrika, og da de nærmet seg

ekvator ble det rigget for en liten feiring med «dåp» med kong Neptun. Stuerten serverte bacalao, øl og akevitt til middag. Åsmund fikk æra av å stå til rors da de passerte ekvator og gikk inn i Sør-Atlanteren. De passerte Robben Island og ankom Cape Town, byen ved Table Mountain, her bunkret de og tok ombord ferske matvarer og drikkevann før siste etappe mot Antarktis. De siste passasjerene som skulle til Maudheim kom også ombord her. De fikk dårlig vær med mye sjøgang i Sør-Atlanteren, og «Norsel» var lav bakover, så flottørene til flyet løsnet. De fikk berget dem, men de var svakt konstruert så det var vanskelig å få dem skikkelig sikret, men alt gikk bra.

De siste 5-6 døgn før Maudheim traff de drivisbeltet som var lett å passere, og shelfen kom i sikte, den reiste seg 20-40 meter opp fra havet. Da hadde de seilt i et isbelte nesten en uke. Etter utseilt distanse ankom de Maudheim. Albatrossen seilte elegant rundt skuta og der var store ansamlinger med pingviner. Utstyret for overvintringen ble losset i land. Overvintringsmannskapet bodde ombord i skuta til hele stasjonen var etablert og alt gjort klart. Mannskapet ombord hjalp til med forskningsarbeid som vannprøver, temperatur målinger, plankton i havet og prøver av isen. De skjøt også en del sel som de tok prøver av. Det var store mengder krill i havet, som hvalene ernærte seg på. De hadde også god hjelp av flyet i forskningsarbeidet. Mannskapet feiret jul og nyttår sammen med forsknings-folket.

Etter at oppdraget var utført fra «Norsel»s side ut i januar, seilte de nordover igjen til Cape Town. Her bunkret de og tok ombord ferske forsyninger for ny seilas nordover til Las Palmas. Ved passering ekvator denne gangen, var det ingen spesiell markering. På Las Palmas satte de i land flyet og tilhørende mannskap. Det ble bunkret og proviantert. Det kom mannskap med fly fra Tromsø for å bli med på selfangstturen til New-Foundland for sesongen 1951. Fangstfolket var mest balsfjordinger, som Petter Johansen og Edmund Hemmingen fra Kantornes, Knut Kroksjan, Magne Johansen og Helge Alfredsen, alle fra Svartnes, Helge hadde vært med helt fra Tromsø, og han hadde også vært med året før til Antarktis



Tresnitt av «Norsel» fra Maudheim-ekspedisjonen i Antarktis 1949-1952 i utstillingane til Ishavsmuseet.

De seilte vestover mot New-Foundland, de fikk bra vær på overseilinga. Ved ankomst isen ble selkastet observert mellom Belle Isle, Labrador og Strætet til Gulf of St. Lawrence. Midt i mars ble de fast innenfor Belle Isle og ble skrudd inn i Strætet i samme is som selen hadde kastet i. De fangstet godt og brukte langjolla og drog skinn fram til enden dit langjolla rakk. De prøvde flere ganger å komme seg ut av Strætet, en uønsket plass å bli liggende fast, men Labradorstrømmen førte stadig ny is sørover, og med isen fulgte selkastet. Tidevannsdifferansen på Labrador er på ca 10 meter og på flo sjø slakket isen litt og de klarte å forsere utover. De fortsatte å fange på vei ut av Strætet. Da de hadde passert 20.000 kvitunger fikk de problemer med å komme seg videre ut, men endelig ble det værskifte, og vind og strøm brakk opp isen, og de kom seg endelig ut. Da var de kommet vel ei uke ut i april.

De fangstet litt gammelsel og fylte opp resten av rommene, så de passerte 24000 dyr. Så begynte siste etappe på Åsmunds lange førstegangsreis. De ankom Tromsø ut i mai og fikk kjenne lukta av nyutsprunget bjørkelauv. De losset fangsten ved Norolje og vasket ned skuta, Det var gode priser og lotten ble vel 13000 kr. Åsmund fikk full lott, da han viste seg å være en god fangstmann, en stor og sterk ungdom.



«Norsel» lossar fly i Antarktis til Maudheim-ekspedisjonen. Foto frå John Giæver

Han begynte med vårpuss ombord før han tok sommerferie. Han kjøpte seg en gammel motorsykkel, Triumph, 250 cm³, som var etterlatt etter krigen. Men noe sertifikat brydde han seg ikke om i første omgang, det fikk vente. Han tok med seg søskenbarnet Trond, som også var nevø av Konrad, og kjørte til Frihetsli på besøk. Etter to dager hos Konrad hadde Åsmund fått fortalt om sin lange førstereise-selas, og så gikk ferden videre til Sjøvegan, hvor Tronds søster Magdalena bodde, hun var gift med meieribestyrer Arnulf Holand.

Etter en passelig sommerferie med motorsykkelturer begynte han ombord i «Norsel» igjen. Ny tur til Antarktis skulle gå i september, da for å hente hjem mannskapet som hadde overvintrert på Maudheim. Guttorm fikk med seg Sigmund Snarby som styrmann på denne turen. De seilte til Oslo og tok ombord proviantering og et norsk fly, denne gangen med norske flygere og nytt overvintrings-mannskap til Maudheim. Så gikk seilasen sørover til Cape Town via London der de tok ombord en del forskningsutstyr. I Cape Town bunkret de og tok ombord proviant for videre seilas til Maudheim i Antarktis. Det kom også forskningsfolk ombord her. De forserte drivisbeltet og ankom Maudheim. Overvintringa på Maudheim hadde vært veldig dårlig, ingen av mannskapet var blitt syke eller skadet, og de fikk alle med seg hjemover. Denne gangen hadde de med polarinstituttets sjef, H. U. Sverdrup. På grunn

av uroligheter og fare for krig i verden ville han ikke la folk bli igjen i Antarktis. Etter å ha deltatt i forskninga og feiret jul og nyttår der, seilte alle nordover igjen mot Cape Town, og videre til Las Palmas. Etter bunkring der gikk forskningsfolkene fra Maudheim i land, men flyet ble med videre.

Det kom flybårne mannskaper fra Tromsø for selfangsttur til New-Foundland, 1952. Stort sett samme fangstfolk, Olaf og Steinar Jakobsen var også med. Det ble en dårligere tur enn året før, det var vanskelige isforhold, pakkisen på Labrador-kysten hadde løsnet og drevet sørover med strømmen, og selen hadde kastet innenfor pakkisen og på fjordene. Prisene på skinn var også sunket. På slutten av fangstsesongen diskuterte skipperne på skutene om de skulle gå til Danskestrætet på klappmusfangst, men «Norsel» gikk i stedet hjemover. De kom til Tromsø først i mai, leverte fangsten og vaska skuta, og Åsmund begynte med vedlikeholdsarbeid ombord. Turen ga så godt økonomisk utbytte at han byttet ut motorsykkelen med en bil, en Opel kadett, som han hadde i mange år. Han kjørte da opp til bilsertifikat. Når Åsmund var på havet, sto bilen i opplag på Nordgård.

«Norbjørn», som var innkjøpt til Tromsø i 1952, var bygget i 1943 i Finland som isbryter for Østersjøen. Den hadde gjort sin første selfangsttur til New-Foundland. Etter dette rustet «Norbjørn» ut for sildefiske ved Island. Mannskapet fra selfangstturen var dratt hjem til gården sine for å gjøre våronna, og det var ledige plasser, så Åsmund gikk ombord der, det var samme rederi. «Norbjørn» var leid av Petter Johansen på Sortland. Han holdt not bruk og var selv bas. På forsommeren gjorde de to laster med sild fra Shetland.

Sildefisket ved Island foregikk i de lyse sommermånedene. Sildestimene gikk koncentrert og høyt oppe i sjøen, men var veldig var for aktiviteter og støy fra propellstrømmen fra skutene, og senket seg da dypere. Basen ville ha lettbåten på havet og sirklet rolig for å lokalisere tettheten i stimen med ekkoloddet. Var det bra vær og forhold, kunne notbåtene beordres på havet, og de kunne kaste med en gang. Snurping av nota foregikk med vinsj fra



«Nordbjørn» i isen ved Newfoundland. Foto fra Oddmund Brandal.

notbåtene. Notlinet ble dratt med handmakt og var et tungt arbeid, men det var som regel 7-8 mann i hver notbåt. Lettbåten ble brukt som taubåt for å holde skuta klar av nota. De brukte håv for å vinsje silda ombord, og manuell bomsving. Gikk alt greit kunne det bli last på et eller to døgn, men det kunne også være et slitsomt og langvarig arbeid. Basen kunne ro i lettbåten i timevis for å lokalisere sildetoppene mens kallan satt i notbåtene og venta. Det hendte også at de måtte ombord igjen uten å få satt nota, eller ombord for å spise. Gikk alt greit, kunne det bli ei last i uka. De kunne levere langs hele kysten på sildoljefabrikker, fra Møre til Troms. «Norbjørn» lasta knapt 5000 hl. Det var mange skott i rommet, så det var mye måking og rengjøring ved levering. I løpet av vel 2 måneder gjorde de 6 turer med last.

På høsten ble det feitsildfiske. Torrisen-karene fra Meløy i Nordland hadde leid «Norbjørn». De holdt bruk, bas og skipper. Åsmund ble med på dette fisket også. Resultatet var ganske magert og fisket varte til sist i november.

På nyåret 1953 gikk «Norbjørn» sørover på storsilda og Åsmund var blitt fast ombord. Det var godt innsig med sild og de fikk mange laster. Sist i februar avsluttet de storsilda og rusta for New-Foundlandstur. Olaf Johansen, kalt «Snusungen», fra Straumsbukta var skipper, han hadde også hatt skuta i 1952 med god tur. Olaf var kjent for å være en rolig og snill kar. Åsmund delte lugar med Magne Johansen fra

Svartnes, det var mange balsfjordinger ombord som hadde vært med første turen til New-Foundland. De fikk en god tur og leverte ved Norolje i Tromsø. Også nå var det litt vedlikeholdsarbeid før Islands-sildefisket. Hans Hansen i Kaldfjord holdt notbruk. Basen Markusen kom fra Senja. Det som var nytt denne sommeren var at de hodekappet og sukkersaltet et lite parti sild i tynner for konsum. Om høsten gikk skuta igjen på feitsildfiske i fjordene i Nord-Norge.



«Norbjørn» i isen ved Newfoundland 1953. Foto fra Ivar Agersen, Ishavsmuseets arkiv.

Nyåret 1954 gjorde de god tur på storsilda og fikk mange laster. Etter storsilda New-Foudlandstur igjen med samme skipper og stort sett samme mannskap. Det ble en god tur. På sommeren ble Åsmund innkalt til verneplikt i marinen. Dette kullet var det siste som ble mønstret og uniformert ved kystartilleriet på sydspissen av Tromsøya. De ble senere sendt til Madla ved Stavanger. Åsmund var mest på båt, mineleggerne «Vidar» og «Våler», stasjonert i Ramsund. De var for det meste i Nord-Norge og hadde verksted-opphold i Tromsø, en gang et opphold på hele 2 måneder. Da veien til Nordkapp ble åpnet, var de representasjonsskip.

På nyåret 1955 søkte han om 2 måneders permisjon i marinen for å ta turen til New-

Foundland. Turen tok mer enn 2 måneder, men permisjonstida ble utvidet. Han kom tilbake til marinens og mineleggerne og gjorde seg ferdig med 15 måneder verneplikt. Da var det blitt jul.

På nyåret 1956 gikk Åsmund på hyrekontoret i Tromsø for første gang. Han ville prøve nye utfordringer. Det var ikke uvanlig at mannskap ble hyrt i Tromsø-området til malmfarten, da Narvik havn hadde ett eller flere anløp av malmbåter pr. døgn. Han fikk hyre som matros på malmbåten «Nuolja», tilhørende Grängesberg-bolaget, som gikk på Narvik og England UK Gulf. Det var en gammel klinka båt, bygget på Götaverken i 1923, størrelse 10480 tonn dw. Den var ombygd og modernisert i 1949. Det var dårlige bekvemmeligheter ombord, og Åsmund måtte dele lugar med en annen matros. Offiserene var svenske og ellers var det sjøfolk fra mange nasjoner, også noen som hadde seilt under krigen. Det var ofte skifte av mannskap og en del akterutseiling. Det Åsmund spesielt husker var romlukene, det var gamle og utette luker med presennning over som ble kilt med trekiler.

Han var uehdig og fikk hyre på en gammel båt som gikk mellom de samme havnene hver gang, ikke spennende for en eventyrer som Åsmund. Han ble ombord der til våren. Da han kom til Tromsø og forhørte seg på «Norbjørn», var mannskapslista for turene til Shetland og Island fulltegnet. Åsmund fikk da plass ombord i «Kapella 3», en gammel trejakt, eid og drevet av familien Angell fra Sørreisa. De drev sildefiske, hadde god not og var kjent som gode fiskere. Skuta var fra starten en gammel trejakt, tverrgavlet hekk, bygd i 1878 i Dortsouth, England etter tegning fra Adams dager. Den var 75 fot og het fra starten «Kappelar». Alfred kjøpte skuta i 1924. De seilte med fiskelast på kysten, framdrifta var fra starten seil, til det ble innsatt en 60 HK avanse i 1933. I 1952 ble skuta forlenget og hekken ombygd, så den ble 105 fot og fikk innsatt en 300 HK Wickmann. Den var bre og dyp og lasta da ca. 2500 hl. Den hadde dårlig seilingsfart.

Åsmund var vant med notfiske fra «Norbjørn» og fikk være lettbåtroer sammen med Willy. Det var godt sildefiske på Finnmarkskysten, men det

var langt føring sørover kysten til leveringsfabrikk. En gang de hadde fått last og begynt seilingen sørover, møtte de flere skuter som kom til feltet. De fikk motstrøm sørover, og før de kom til Vestfjorden passerte en av skutene dem på vei sørover, og før de var framme på losseplassen i Nord-Trøndelag, møtte de samme skute nordover til feltet igjen. Skipperen så til side da de passerte og sa: «De laster jo knapt 1000». Åsmund var ombord der ut året og var også med på feitsilda om høsten. Han kom hjem i så god tid før jul at han fikk vasket pumpelukta av klærne før den store høytiden.

På nyåret 1957 var han igjen ombord i «Norbjørn». Han kom da sammen med sine tidligere seilingskompiser. Først på storsildfiske om vinteren, så New-Foundandstur og sildefiske på Shetland og Island om sommeren.

Høsten 1957 reiste Åsmund til Hamburg og mønstret på en tankbåt som het «Amerika». Den var drevet av Norske Texaco og hadde chart i Karibien og Mellom-Amerika. Det var en gammel klinka båt med broen midtskips, sjøsatt i 1941. Den var blitt skadet under krigen, men bygget opp igjen i 1946. Båten hadde en bruttotonnasje på 10.047 dw tonn og seilingsfart på 12 knop. Åsmund var påmønstret som matros og fikk en-manns lugar. Han jobbet for det meste sammen med pumpemannen, som var fra Trinidad. Offiserene var norske, men de brukte amerikanske uniformer. Ellers var det sjøfolk fra mange nasjoner. De gikk med forskjellige raffinerte oljeprodukter og var innom Cuba, Jamaica, Tahiti, Trinidad og Tobago. De hadde mange passasjerer gjennom Panama-kanalen, var i Costa-Rica, Panama, Venezuela, Colombia, Ecuador, Aruba. Det han husker fra arbeidet på dekk var at det var mye lekkasje på rør som måtte lappes med gummi og klemmer. Han var ombord der i nesten 2 år. Han fikk feire 2 julehøytider under palmesus. Så gikk båten til Oslo på verkstedopphold.

Overstyrmann anbefalte Åsmund å ta styrmannsskole, og sendte telegram til sjømannsskolen i Kristiansund at Åsmund ville begynne der, men at han ble noe forsinket. Han fikk et lite rom i kjelleren på skolen som midlertidig hybel. Kontordama sa da Åsmund



«Norvarg». Foto frå Karl Ragnar Engstad

skulle ha ordinær hybelen: «Du får flytte på Nordlandet». Åsmund ble fornærmet og trodde hun mente at han måtte flytte nordover.

Han var uteksaminert der våren 1960 og søkte seg så på linjefart med Wilhelmsens Ost-Asiatiske linje. De skulle ha referanser fra tidligere rederier, og Åsmund oppga brødrene Jakobsens rederi i Tromsø. Dit hadde mannskapssjefen i rederiet ringt. Han hørte ikke mer fra Wilhelmsens rederi, men fikk telefon fra Guttorm som sa «Du kan få begynne hos oss og du får styrmannsjobben på «Norvarg». De var chartret for Store Norske Spitsbergen Kullkompani A/S, for å assistere ved kullshippinga vår og høst; og Norsk Polarinstitutt.

